



HAR DU EIN NEDGRAVD PARAFIN/OLJETANK?



**BJØRNA
FJORDEN**
KOMMUNE



FORBYR DEI NYE REGLANE OLJEFYR?

Nei, dei nye reglane som blei sett i verk 1. januar 2020 forbyr ikkje å eige verken ein oljefyr eller ein oljetank. Det som no er forbode, er å bruke fossil fyringsolje. I følge dei nye reglane kan du altså framleis bruke oljefyren din, så lenge du berre fyrer med biofyringsolje.

Dersom oljefyren din ikkje lenger er i bruk må du likevel få sanert den nedgravde oljetanken. Dette er ikkje avgjort av oljefyringsforbudet, men i 'forskrift for motvirkning av forurensing frå nedgravde oljetankar'.

DETTE ER FORBODE FRÅ 2020

Frå 1. januar 2020 er det forbode å bruke mineralolje, eller fossil fyringsolje og parafin til oppvarming av bustader og næringsbygg i Noreg. Oppvarming inkluderer ikkje berre oppvarming av romma, men òg av varmtvatnet og ventilasjonslufta i bygninga.

KVEN GJELD FORBODET FOR?

Forbode gjeld for alle bustader og bygningar i Noreg, men med nokre få unntak. I fritidsbustader, hytter og fyrstasjonar utanfor straumnettet er det framleis tillate å bruke fossil fyringsolje og parafin. I nokre tilfelle kan òg fossil oljefyring brukast i industribygningar.

Driftsbygningar i landbruket og sjukehus får nokre ekstra år, til 2025, på å gjennomføre tiltaka.

Kommunar kan òg gi dispensasjon i enkelte heilt spesielle tilfelle.



KVEN SKAL FØLGE OPP FORBODET, OG KORLEIS?

Det er den som eig og brukar fyringsanlegget som er ansvarleg for å følge forskrifta.

Kommunen, ved brannvesenet, har ansvar for å kontrollere at forbodet blir overhalde. Kommunen kan få utlevert lister over kven som har kjøpt fossil fyringsolje og parafin frå alle som omset desse produkta, og kan krevje inn gebyr frå bustadeigarar som ikkje overheld avgjerdene i forbodet. Kor store gebyra blir, vil vere opp til kvar enkelt kommune å avgjere.

FINST DET UNNTAK?

I forskrifta er det opna opp for at fossil fyringsolje kan brukast i enkelte situasjonar.

Det er i hovudsak viss det oppstår driftsforstyrrelser i kraftnettet, eller viss feil eller skade gjer at du ikkje kan bruke dei andre oppvarmingskjeldene dine. Du kan bruke fossil oljefyring som backup i avgrensa periodar.

Dersom det i enkelte område av landet ikkje skulle vere tilstrekkeleg kapasitet i straumnettet til å gjennomføre forbodet, kan NVE tillate at det blir brukt fossil fyringsolje til oppvarming i akkurat desse områda.

HAR DU EIN NEDGRAVD OLJETANK SOM IKKJE ER I BRUK?

På desse nettstadane finn du meir informasjon om dei nye reglane:

bjornafjorden.kommune.no/oljetank

oljefri.no

miljodirektoratet.no

Du finn òg relevante heimlar på lovdata.no, i kapittel 2 i forureiningslova og kapittel 20 i plan- og bygningslova



KONTAKTINFORMASJON TIL BRANN, ELDESTAD OG FEIING

Os brannstasjon ligg i beredskapsbygget i Mobergsbakken 111.

På kvardagar kl. 08.00–15.00 når du oss på telefon 56575355

Vakttelefon heile døgnet: For kontakt utover arbeidstid kontakt vakthavande brannbefal og miljøberedskap, telefon 915 68 590

Ved brann, ring 110